



# Hardangerrådet iks



## NYTTÅR 2018/2019. Orientering om prosjekt og aktivitetar me arbeider med.

### Regionrådet 2015-2019

Regionrådet og Hardingtinget var i 2018 leia av rådsordførar Hans Petter Thorbjørnsen, Ulvik herad. Styreleiar i Hardangerrådet iks er Toralv Mikkelsen. Leiar i Rådmannsforum 2018 er Thore Hopperstad, Ulvik herad. Kommunereforma prega også 2018, og for Hardangerrådet er ny selskapsavtale arbeidd fram og vedteken i rådet og sendt ut til kommunane for vedtak. Forslag til nytt strategidokument er også utarbeidd og vedteke.

Andre viktige saker i rådet har mellom anna vore framtida til Hardanger Tingrett, Turistbåtruta på Hardangerfjorden, utfordringane på Bu, nye oppgåver til kommunane etter endt kommunereform.



## Aktivitet og prosjekt i 2018



I oktober var Hardangerrådet på studietur til Lofoten. [Referat finn du her.](#)

**Kommunestruktur i Hardanger:** frå 01.01.2020 vert det slik kommuneinndeling i Hardanger:

Kvam herad: Som idag.

Ullensvang kommune: Samanslåing av Jondal kommune, Odda kommune og Ullensvang herad.

Eidfjord kommune: Som idag.

Ulvik herad: Som idag.

Voss herad: Samanslåing av Granvin herad og Voss kommune.



### Interkommunalt tenestesamarbeid i Hardanger

Rådmannsforum i Hardanger arbeider med felles utfordringar og problemløysingar innan dei kommunale tenestene. I ei tid der fleire av kommunane skal slå seg saman, nye oppgåver vert overført til kommunane og strukturar på både tenester og samarbeid elles er i endring er det viktig at det administrative samarbeidet i regionen fungerer godt, slik at me framleis leverer gode tenester til våre innbyggjarar og også at me kan bidra til at politiske retningsval i kjølvatnet av kommunereforma vert utgreia breidt. Alle kommunane i Hardanger deltek i interkommunale samarbeid, i ulik grad og på ulike område, frå interkommunale selskap til vertskommuneordningar. Fleire av ordningane er i samarbeid med Voss kommune, som og får ein betydeleg flik av kommunen i Hardanger, når Granvin og Voss

vert ein kommune frå 1.1.2020. Nokre av områda det no er samarbeid på er Barnevern, Brannvern, IKT, Økonomisystem, Innkjøpsordning, Skjenkekontroll, Tilsynsordning skule-barnehage, Skulefagleg rettleiing, Revisjon, Renovasjon, Vassområde, Legevaktordningar og ØH-senger, m.flere



[www.hardanger.com](http://www.hardanger.com)

Hardanger sin nettstad er [www.hardanger.com](http://www.hardanger.com). Ei felles nettside, der det er lett å bevega seg vidare inn til alle kommunar, reiseliv og anna næringsliv, kunst og kultur. Hardangerrådet på nett er også her.

## Aktivitet og prosjekt i 2018



### Team Hardanger



Team Hardanger (TH) er eit nettverk av Hardanger sine kommunale og regionale næringsansvarlege og etablerarrettleiarar. Næringshagane er også faste medlemmer i TH, som er koordinert av Hardangerrådet iks. I 2018 har Team Hardanger hatt fokus på felles søknad for Hardanger der regional strategi for berekraftig reiseliv og utvikling har vore fokus. TH hadde eit felles møte med næringsorganisasjonane, og tek over som regional møtestad etter at Hardanger næringsråd er lagt ned.



### Hardanger Ungdomsråd



Hardanger Ungdomsråd ( HU ) har hatt 4 rådsmøter i 2018 og 1 Hardanger UngdomsTING. Leiar 2018 var Tiril Eiken frå Jondal ungdomsråd, nestleiar var Bjørk Thorbjørnsen frå Ulvik ungdomsråd. Hardanger UngdomsTING vart arrangert i Granvin der Ambulanseenesta var hovudtema. Kjersti Toppe frå Stortinget var med, og inviterte etter møtet HU til å møta Hordalandsbenken. Dette møtet fann stad på Stortinget 04.12.2018. Viktige saker i 2018 har vore:

- Kamp for å behalda ambulansane i Hardanger, for å vera trygg på ei akseptabel responstid.
- Psykisk helse for ungdom.



### Hardanger Kulturråd



Hardanger kulturråd, eit samarbeids- og rådgjevande organ oppretta av dei sju Hardangerkommunane. Rådet har hatt 4 møter i 2018, samt at dei var invitert og møtte Knut Olav Åmås i lag med Hardangerrådet i Ulvik. Det er endring i korleis kommunane arbeider med kultur. Kva har det å sei for kvardagen og innhaldet i Hardanger? Hardanger kulturråd sine medlemmer er dei kultursvarlege i kommunane. Leiar i Hardanger kulturråd er Lisbeth Bygstad Celik, kultursjef i Eidfjord og einaste kultursjef i Hardanger.

## Aktivitet og prosjekt i 2018



### Regional plan for kompetanse og arbeidskraft - Samarbeidsarena Hardanger-Voss

Hardangerrådet har i 2018 vorte leiar av ei arbeidsgruppe, Samarbeidsarena Hardanger-Voss, som skal sjå på utdanningstilbodet i dei vidaregåande skulane i Hardanger og Voss. Arbeidsgruppa er ei av fem regionale arbeidsgrupper som skal sjå på regionale behov for:

- Ny kompetanse
- Dimensjonering av utdanningstilboda
- Karriererettleiring
- Vidare- og etterutdanning

Desse arbeidsgruppene er eit samarbeid mellom næringslivet, offentleg sektor og utdanningsaktørane.

Målet for samarbeidet er at partane i fellesskap skal leggja til rette for at kompetanse skal drive fram utvikling i arbeidslivet, avdekke kva kompetansegap som finns i arbeidslivet og finna løysingar på korleis desse skal fyllast. Partane skal setja framtidas kompetansebehov på dagsorden.

Partane skal gjennom samarbeidet verta betre i stand til å utføra oppgåvene dei har på kompetansefeltet.



### Hardanger Miljøfyrtårn-region



Hardanger miljøfyrtårn-region vart oppretta for at Hardangerrådet skulle vera koordinator i Hardanger. Ordninga er til for å få fokus på miljøvenleg drift og organisering. I 2017 vart ordninga anerkjent av EU, den første i sitt slag. Det beviser den høge standarden, og at ordninga kan nyttast i utvikling av samfunn og bedrifter. I Hardanger er fleire bedrifter sertifisert, både private og offentlege, men målet er mange fleire. Samfunnsoppdraget er klart: Miljøfyrtårn skal hjelpe Norske kommunar og bedrifter til klimaansvar. Miljøfyrtårn skal vera effektivt, konkret og lønsam. Norge har store klima ambisjonar, det har me i Hardanger også. For kommunar og bedrifter er denne ordninga det beste verktøyet, og me vil arbeida for ei god ordning i Hardanger. [www.miljofyrtarn.no](http://www.miljofyrtarn.no)



### Merkevare Hardanger



Hardanger

Dette er ein paraplyprofil med målsetjing å styrkja regionen og omdøme. Vårt mål er å gjera Hardangerlogoen synleg langt utover Hardanger. Prosjektet vart presentert våren 2005 på 1905-markeringa "Streif". Merkevareprofilen skal ikkje erstatta noverande merkenamn og logoar, men forsterka interessa for eit produkt ved tilknyting til namnet Hardanger. Ta kontakt på [post@hardangerraadet.no](mailto:post@hardangerraadet.no)



### Regionalt Etablerarfond Hardanger

Hordaland fylkeskommune oppretta denne tilskotsordninga i 2015, og i 2018 har Hardangerrådet totalt fått 783.000 til nyetablering i Hardanger. Det regionale etablerarfondet er eit målretta tilskot på inntil 50.000 kroner til nyetablerte verksemder. Tilskota skal vera i tråd med nasjonale retningslinjer og føringar som er lagt i den regionale næringsplanen. [Dese har fått tilskot](#)

## Aktivitet og prosjekt i 2018



### Hardangerkonferansen 2018



Hardangerkonferansen har vore ein årleg møteplass sidan 2006 med aktuelle framtidsretta tema for Hardanger. Konferansane samlar årleg 100-120 deltagarar og turnerar rundt i regionen.

Hardangerkonferansen 2018 vart arrangert i Ulvik 14.-15.november. Årets konferanse hadde som hovudtema "Hardanger - ein region med ei berusande framtid".

Visit Hardangerfjord hadde også i år reiselivsbolk med dette hovudtemaet "Berekraftig reiseliv for framtida, kva inneber det?

Hardangerkonferansen 2019 skal arrangerast i Ullensvang den 13. og 14. november 2019.

Hardangerkonferansane er eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune, Sparebanken Vest, BKK, Visit Hardangerfjord, Hordaland Bondelag, vertsherad/-kommune og Hardangerrådet iks.

### Internasjonale Hardanger



### Japan Hardanger-Club

Med bakgrunn i eit reiselivssamarbeid har det utvikla seg ei kulturutveksling med fokus på Hardingele spel og Hardangersau mellom Hardanger og Japan. Hardangerrådet er deltagar i ein Japan Hardanger Club med føremål å få til vidare utvikling til felles nytte. Hardingele instituttet i Tokyo er grunnlagt av Rio Yamase og har 30 elevar.

I 2018 vart Rio Yamase utnemnd til "Goodwill-ambassadør" for Hardanger.



## Aktivitet og prosjekt i 2018



Erasmus+

Erasmus+ Hardanger i Slovenia

Formål med studieturen var utvikling gjennom kompetanse. Med i gruppa var Næringshagen i Odda, Odda vgs, Høgskulestifta i Hardanger, Ullensvang Næringsforum, Hfk og Hardangerrådet. Me møtte Hotellskule som driv hotel, teknisk fagskule, reiselivet med mange spennande prosjekt, by med store tomme industriområder, vertskap og utfordringar. Nytt for oss alle var "night pollution" I sentrale Europa er dette omlag umogleg å finna naturleg mørke. [Referat finn du her.](#)



### HARDANGER - BERLIN

HARDANGER sin KUNSTNARBUSTAD i BERLIN

#### Hardanger-Berlin Husvære.

Artist-in-residence-ordninga Hardanger – Berlin er vidareført som eit spleislag mellom Hardanger Kunstlag, Hardanger Guesthouse, Kunstnarhuset Messen, HardingPuls, Lærdal Næringsutvikling og dei 7 Hardangerkommunane. Ordninga vart oppretta i 2009 og den vart avslutta som ordning i regi av Hardangerrådet 31.12.2016.



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE

Etablerartenesta i Hardanger



Etablerersenteret

Etablerarteneste si fyrstelinje er det kommunane som har ansvar for.

Etablerarskulen i Hardanger ligg no under Etablersarsenteret i Bergen. Det er fylkeskommunen som eig denne tenesta ilag med kommunane. For meir informasjon og kursoversikt sjå

[www.etablerasenteret.no](http://www.etablerasenteret.no)



Næringshagar i Hardanger

[www.nhodda.no](http://www.nhodda.no)



NÆRINGSHAGEN  
I HARDANGER

[www.nih.no](http://www.nih.no)

I Hardanger har me to næringshagar, Næringshagen i Odda og Næringshagen i Hardanger. Hardangerrådet har gjennom fleire år støtta arbeidet for Regional Næringshage i Hardanger. Næringshagar har miljø for nettverksbygging, kompetanseheving og samarbeid mellom verksemder i

## Aktivitet og prosjekt i 2018

same bransje og på tvers av bransjar. Målet er auka regional verdiskaping gjennom vidareutvikling og vekst i nye og eksisterande verksemder. I ein næringshage får små verksemder tilgang til relevant kompetanse og nettverk, i tillegg til eit fagleg og sosialt fellesskap. Næringshagen skal også vera møteplass for verkemiddelapparat, samarbeidspartnarar og erfaringsutveksling med andre næringshagar i Noreg. Næringshagemiljøet skal bidra til å styrkja utviklingskompetansen i dei enkelte kommunane og på tvers av kommunegrensene.



Ungt Entreprenørskap (UE) arbeider saman med Hardangerkommunane for å styrkja lokal identitet og fremja evne og vilje til nytenkjing og verdiskaping, med skulen som arena. Sentralt i arbeidet er å knyta kontakt mellom skulane og det lokale nærings- og arbeidslivet. UE i Hardanger er eit prosjekt drifta frå Næringshagen i Odda, med prosjektleiar Ida Maage Elstad. Fleire skular har utmerka seg på regionale og nasjonale nivå i ulike konkurransar. Ein har no fått stønad til å utvikla prosjektet vidare, og

målet er at alle skular i Hardanger skal ha entreprenørskap som ein del av utdanningstilbodet. For 5.-7.klasse er "Forskarfabrikken" eit sommartilbud også i Hardanger. Det fremjar realfag.



Stiftinga Høgskuleundervisning i Hardanger var stifta i 1993 av Odda kommune og Tyssefaldene AS, og har som mål å tilby høgskuleundervising i Hardanger. Næringshagen i Odda administrerer drifta av studiesenteret for stiftinga. Odda kommune er formelt medlem av [Studiesenteret.no](#).

Studiesenteret i Odda tek imot studentar frå heile Hardanger, og held til i flotte lokaler i første etasje i bygningen Hovedlageret på Smelteverkstomta. Målet med utviklingsarbeidet til SHiH er å dekka kompetansebehov i privat og offentleg sektor.

[www.nhodda.no](http://www.nhodda.no) og [www.studiesenteret.no](http://www.studiesenteret.no)



Og i 2017 vart Hardangersmak stifta! I 2018 vart det tilsett dagleg leiar, Kristine Håland(på bilde t.v.) Hardangersmak er samvirket som samlar små og mellomstore lokalmat- og drikke produsentar i Hardangerregionen og omland. Dei vil gjera det enklare for kunden og produsenten med ei sterk merkevare. [www.hardangersmak.no](http://www.hardangersmak.no)

## Aktivitet og prosjekt i 2018



**Hardanger / Voss  
kompetanseregion**

Dette er eit samarbeidsorgan innan barnehage- og skulefeltet. Det er Ullensvang herad som no har leiarvervet i Hardanger/Voss kompetanseregion. Kompetanseregionen samarbeider mellom anna om: lokalt gitt eksamen, kompetanseheving i barnehage og skule, ekstern vurdering av barnehagar og skular, vaksenopplæring, realkompetansevurdering og kurs for instruktørar som godkjenner tilsette med symjeopplæring og leik i vatn.

Gjennomført Luib/Luis studietur til Drammen – tema: læringsforløp Drammen, jobber med regional ordning for kompetanseutvikling barnehage/skule, Luib/Luis samling i Eidfjord 18-19 oktober. Samarbeid med Statped held fram.



### Nasjonal Turistveg Hardanger og Nasjonal Turistveg Hardangervidda



2 av 18 Nasjonale Turistveg-strekningar ligg i Hardanger

**Hardanger:** Rv 13 Låtefoss-Tyssedal – Kinsarvik – Fv 550 Utne -Jondal – Fv49 Tørvikbygd - Norheimsund – Fv 7 Steinsdalsfossen/Norheimsund - Granvin.

**Hardangervidda:** Rv 7 Eidfjord- Haugastøl

#### Fossane som innfallssport til Hardanger:

Steinsdalsfossen( opna i 2014) og Skjervfossen ( opna i 2016) er ferdige og opna.

Vøringsfossen har opna del 1 i 2018, del 2 er ferdig i 2020.

Låtefossen avventar val av ny Rv 13 gjennom Oddadalen. Planlagt byggeperiode 2020-2022.

Også Rv 13 Skjervefossen og Fv 572 Granvin-Espeland-Ulvik har Hardangerrådet iks spela inn som ein del av Turistveg Hardanger, men dei er enno ikkje med. [www.nasjonaleturistveger.no](http://www.nasjonaleturistveger.no)

Kinsarvik 07.01.2019

[www.hardanger.com](http://www.hardanger.com)

Trude L. Rinaldo  
Konsulent

Jostein Eitrheim  
Dagleg leiар

